



Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

Vår dato:

19.07.2019

Vår ref:

2019/2

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Kommunane i Vestfold og Telemark

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jan W Jensen Ruud, 35 58 61 48

Kopi: Toppkeilergruppe
Brannsjef, viltvesenhet
Vak Bj. Tollefsem, rådmann
Brann / Johnny Brann og
Anders Læddahl

NOTODDEN KOMMUNE		
Ar/saknr 19/86	Løp nr 8465/19	Dok nr 5
30 JULI 2019		
Ark kode P	X20	
Ark kode S		
Seksj. SUN	Avg. BERE	Saksbeh. VORTAG
Kassasjonsar.	Gradering	

Kommunebrev II 2019 - Informasjon om dei viktigaste kommuneretta aktivitetane på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet

Dette brevet er ei oppfølging av Kommunebrevet frå januar, både for å gje ei oppdatering/status på det som var kjent/planlagt i januar og for å informere om nytt/nye aktivitetar sidan då.

Kortinfo

Med jamne mellomrom så mottek vi diverse informasjon som vi skal/bør dele med dykk, eller vi lærer gjennom tilsyn, øvingar eller annan aktivitet noko som vi tenkjer det er viktig å formidle relativt fortløpande til dykk. For å forsøke å halde ein viss kontroll/oversikt over kva vi har sendt ut, både for eigen og dykkar del, så prøver vi nå med ei fortløpande nummerering og dekkande omtale i overskrifta i desse e-postane. Med ei slik nummerering vil de kunne registrere det dersom det er ei slik melding frå oss som de ikkje har fått, og etterlyse denne.

Så langt i år er det sendt ut 6 stykk kortinfo.

Tilsyn

Alle dei 5 planlagde tilsyna i år er gjennomført. Vi skal summere opp funna frå tilsyna og dele med dykk i løpet av hausten, men overordna så er det krav på helseberedskapsområdet som jamt over er dei mest utfordrande (beredskapsplan miljøretta helsevern, kontinuitetsplan og forsyningsberedskap for legemiddel og medisinsk forbruksmateriell). Når det gjeld forsyningsberedskapen for legemiddel og medisinsk forbruksmateriell så er dette noko me vil sjå om me kan følgje opp utover hausten med eit regionalt prosjekt.

Kommuneøvingar

Det er gjennomført kommuneøving i Kragerø 4. juni. Det står dermed att 5 av våre 6 øvingar i år:

- **Siljan** (4. september)
- **Porsgrunn** (18. september)
- **Notodden** (25. september)
- **Larvik** (20. november)
- **Sandefjord** (27. november)

E-postadresse:
fmvtpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Besøksadresse:
Anton Jenssen gate 4,
Statens Park, bygg I

Telefon: 33 37 10 00
www.fylkesmannen.no/vt
Org.nr. 974 762 501